

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følge prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen:

Tal elevar skuleåret 2015/16:

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått
Andel stryk og IV
Gjennomsnittleg fråvær
Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	83,9
2015/16	75,0

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	6,45 (2)	3,23 (1)
	2015/16	12,5 (2)	6,25 (1)
Standpunkt	2014/15	3,45 (1)	0,0
	2015/16	13,33 (2)	6,67 (1)
Eksamen	2014/15	0,00	
	2015/16	6,67 (1)	

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	16,63
	dagar	9,48
2015/16	timar	43,19
	dagar	15,71

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	2
2015/16	1 (permisjon)

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17***Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og frávær i fag og utdanningsprogram?***

Alle desse målekriteria har gått opp dette året. Som ei følge av svært høgt frávær, særleg i anleggsgartnarklassen, fekk 2 elevar 1 i eit eller fleire programfag. Desse elevane hadde og eit svært høgt frávær skuleåret før på annan skule. Ein elev med framandspråkleg bakgrunn strauk til eksamen i programfag, dette skuldast nok mykje språkproblem.

Fráværspromatikken er den største utfordringa, men med få klassar ser me at det varierer mykje frå år til år.

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Hjeltnes vgs har ikkje elevar som kjem direkte frå ungdomsskulen. Fråfallsproblematikken er liten på Hjeltnes.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Skulen har få sluttarar, men av og til er det elevar med store personlege utfordringar som ikkje greier å gjennomføra. I år fekk sluttaren permisjon for å sjå om han greier å koma tilbake 2. termin komande skuleår.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Tett oppfølging av elevar i høve til frávær. Tidleg tiltak og haldningsskapande arbeid i klassen.

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16**2.1 Vurdering for læring****Skulen si vurdering i lys av:**

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

Skulen har i år berre 2 Vg2 klassar og har ikkje gjennomført Elevundersøkelsen. Vurderinga nedanfor er difor ut frå eigen kjennskap til skulen.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:***Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:***

Skolen praktiserer nedbrotne læreplanmål og lokale mål til undervegs vurderingar. Det har gitt elevane eit reelt syn på egen innsats. Vi har god erfaring med individuell munnleg tilbakemelding til elevane, der eigenvurdering er med i vurderingssamtale.

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

Utfordringar:

Tidlegare erfaring har vist at elevene er svært opptatt av karakterane, men brukar framovermeldingane lite. Difor har BLD prøvt ut eit forsøk i 1. semester dette året, med berre å gi godkjent / ikkje godkjent i tillegg til framovermeldingane. Dette for å få elevene til å bruka framovermeldingane. Dette fungerte ikkje som forventa.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Bruk av blogg til dokumentasjon av produksjon - varierende erfaring, fungerer bra for noko men dårleg for andre.

2.2.2 utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Utfordringar:

Kunna bruka sjølvlagde video meir aktivt i undervisninga. Må ha meir opplæring og eigna program for å kunna gjennomføra det.

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Mål i tiltaksplanen var medverknad, at elevane skulle vera med føreslå korleis ein skulle arbeida med for å oppleva meir meistring og gjennkjening.

Elevane har ofte ikkje meiningar eller reflekterer over kva arbeidsmåte dei vil bruka. Får høve til medverknad, men brukar han ikkje, reflekterer ikkje over korleis dei lærer. Dei bidrar meir med kva tema dei skal jobbe med.

2.3.2 utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Høgt frávær blant ei stor gruppe av elevane har vore den største utfordringa i år. Det vanskeleg gjer god klasseleiing og eit godt læringsmiljø. Nesten alle som hadde høgt frávær i Vg2 hadde og hatt høgt frávær i Vg1. Det vart tidleg sett inn tiltak som vekking, samtale med elevinspektør og rektor, men tiltaka hadde liten verknad.

Utfordringar neste år er å få ned fráværet, tidlege tiltak, både på internat og i oppfølging av den enkelte. Lik praktisering av forseintkomingar og melding om frávær i dei to klassane.

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Mulighetsstudiet 2013-2016 vart gjennomført og rapport levert våren 2015. Politisk handsaming vart utsett til etter valet hausten 2015. Skulen ynskte å vera i dialog med Opplæringsavdelinga fram til politisk behandling. 08.10.15 utsette rådmannen saka til våren 2016 etter eit møte på Hjeltnes. Rådmannen signaliserte samstundes at han ville føreslå å flytta vgs til dei nye skulane på Voss, men at det skulle vera aktivitet på Hjeltnes framleis. Ei ny gruppe vart sett ned for å arbeida meir med tiltaket produksjonsskule. I mars 2016 vart prosjektplan for Produksjonsskule i Hardanger som eit nasjonalt prosjekt overlevert HFK. HFK har søkt om forskningsprosjekt i samarbeid med UiB i høve til produksjonsskule og dei utgreier prosjektet i høve til nasjonal finansiering. Fagskuletilbodet «Lokal gastronomi» er omarbeid noko og ny søknad send NOKUT for godkjenning, svar venta i august 2016.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Skulen har prioritert dette fordi det skal danna grunnlag for vidare aktivitet ved skulen.

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Det har vore vanskeleg å fylgd opp saka sidan politisk avgjerd stadig er utsett og mykje av vidare arbeid og utgreiing har lege utanfor skulen si mynde. Skulen har oppretta omstillingsutval som har hatt som oppgåve å ivareta personalet i omstillingsfasen. Pga utsett politisk avgjerd kom skulen i "utakt» med Vossaskulane og gjorde den felles stillingskabalane med Voss svært krevjande. Rektor og ein tillitsvald har delteke på Omstillingsutvalsmøta på Voss, referat frå desse er lagt ut til alle tilsette.

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Skulen har heile dette skuleåret følt at me er i eit «vakum», det er ikkje vedteke kva me skal omstilla oss til, og har difor ikkje kunna jobba aktivt med planar for omstilling.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Skulen skal etablere introduksjonsprogram for busette flyktningar i Ulvik., oppdrag frå Ulvik herad. Dette vil styrka aktiviteten på skulen og vera med å gje grunnlag for ny aktivitet. Skulen vil jobba vidare med produksjonsskule, nytt fagskuletilbod og auka aktivitet ved Kompetansesenteret.

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Skulen har fast samarbeidstid 1 ½ time i veka og enkelte heile dagar gjennom året. Her er det sett av tid til å jobba med mål og tiltak i utviklingsplanen.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Tilstandsrapport er utarbeid etter innspel frå lærarane.

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i

gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Felles samarbeidstid. Dette skuleåret har det vore vanskelegare å samla alle då 2 lærarar har undervist både på Voss og her. Dette vert forsterka neste år då 4 lærarar har ein slik kombinasjon.

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Gjennom elevrådsarbeid og ved at lærarar formidlar signal frå elevar.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Det at fokus har vore på om skulen vil overleva og på kva aktivitet som får halda fram.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare**5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?**

Sidan det truleg vert flytting av vgs tilbodet til Voss frå hausten 2017, vert fokus på samordning med Voss og utvikling av evt nye tilbod ved Hjeltnes som produksjonsskule og nytt tilbod innan fagskule.